



ALVER KOMMUNE  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Vår dato:

13.09.2023

Vår ref:

2023/12895

Dykkar dato:


Dykkar ref:

2023/6086

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

## Uttale - Dispensasjon - Alver 25/14 - Tveit nedre - oppføring av fritidsbustad

Vi viser til brev frå kommunen datert 21.08.23. Saka gjeld søknad om dispensasjon frå LNF-formålet i kommuneplanen for oppføring av fritidsbustad på om lag 100 m<sup>2</sup>. Eigedomen ligg også innanfor omsynssone landbruk.



### Statsforvaltaren si vurdering

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak føresegna det vert dispensed frå, omsyna til plan- og bygningslova sine formål eller nasjonale eller regionale interesser, ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova (tbl.) § 19-2 andre ledd.

Eit LNF-område skal i utgangspunktet vere ubygde, med unntak av naudsynte bygg for landbruket. I dette området er det også omsynssone landbruk. Områda med omsynssone landbruk representerer dei mest verdifulle landbruksareala i tidlegare Lindås kommune, både med omsyn til dyrka mark og kulturlandskapet. Landbruket skal ha eit særleg vern innanfor sona, og skal takast omsyn til ved planlegging, handsaming av søknader og gjennomføring av tiltak jf. føresegn 4.2.1 i KPA Lindås.



Det er opplyst at den konkrete eigedomen var skilt ifrå landbrukseigedom i 1945. Dette er lenge sidan og kan ikkje vektleggast no, når kommuneplanen fastset kva som skal vere arealbruken, med juridisk binding, og verknadane på mellom anna landbruksinteressene må vurderast etter dagens nasjonale og kommunale føringer.

Kommunen må difor etter vårt syn vurdere nøyne om ny bruk av denne eigedomen kan få negative verknadar for landbruket. Etter det vi kan sjå ligg ikkje eigedomen tett opptil dyrka mark, men tilkomstvegen ser ut til å gå tett på tunet på gnr. 25 bnr. 3. Det må vurderast om auka trafikk her kan føre til driftsulemper for landbruket.

Det konkrete arealet som er omsøkt består av lauvskog med særskilt høg bonitet. Det er ikkje registrert trua naturmangfold i umiddelbar nærleik. Statsforvaltaren vil peike på at sjølv om det ikkje er registrert trua naturmangfold på tomta, har også vanleg natur ein verdi. Skog lagrar også karbon, og nedbygging av slike areal vil medføre auka utslepp av klimagassutslepp og vil redusere moglegheit for framtidig opptak av karbon. Vi viser til [Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027](#), kapittel fem, som omhandlar klima, natur og miljø for framtida. Her står det mellom anna at arealplanlegginga i kommunane er avgjerande for at Noreg skal kunne redusere utsleppa i arealbrukssektoren fram mot 2030. I punkt 48 står det: «*Omdisponering og nedbygging av karbonrike areal, inkludert myr, tidevassump og andre typar våtmark og skog, blir så langt som råd unngått, slik at ein held ved lag evna areala har til lagring og opptak av karbon.*»

Statsforvaltaren meiner det skal gode grunnar til for å omdisponere skog med særskilt høg bonitet, særleg i ein dispensasjon frå LNF-formål.

Statsforvaltaren ber om å få eit eventuelt positivt vedtak til klagevurdering.

Med helsing

Egil Hauge  
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Vestland fylkeskommune

Postboks 7900

5020

BERGEN